



Haugen Vva AS  
Kanalveien 5  
5068 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3081 - 19/33324

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
14.11.2019

## Svar på søknad om løyve til å knytte fettutskiljar til kommunalt avløpsnett - GBNR 188/323 - Region Nordhordland Helsehus, Gjervik Ytre

Lindås kommune viser til søknad datert 11.11.2019 og e-post av 12.11.2019 om løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størrelse NS 6 til kommunalt avløpsnett.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Region Nordhordland Helsehus ønskjer å knytte ei fettutskiljar med nominell størrelse NS 6 på kommunalt avløpsnett. Følgjande utstyr er teke med i berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg:

- 1 stk oppvaskmaskin
- 1 stk kombidampar
- 2 stk skyllekum (Ø 50mm m/sil)
- 2 stk tappekran DN 20 (1 kran per skyllekum)

Ut i frå utstyr som er nemnt over vil nominell størrelse (ikkje avrunda) på fettutskiljar utgjere ei verdi NS 4,75. Region Nordhordland Helsehus IKS ønskjer å installere eit anlegg med nominell størrelse NS 6.

Vurdering/drøfting:

Region Nordhordland Helsehus IKS har valt å gå opp ei størrelse i forhold til det utrekinga viser. Dette gjer at anlegg har betre kapasitet til å lagre fett, samstundes som at avløpsvatn får lenger opphaldstid i anlegg. Tømmefrekvens for anlegg i Lindås er 3-12 gonger per år. Tømmefrekvens vert fastsett av kommunen ut i frå størrelse på anlegg og utstyr som er knytt på anlegg og vert gitt i vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett. Dersom det vert endringar ved kjøkken/kantine skal anlegg opp til ny vurdering.

Samandrag/konklusjon:

Teknisk drift finn det forsvarleg å gje løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størrelse NS 6 på kommunalt avløpsnett. Løyve vert gitt på følgjende vilkår:



- **Tømmefrekvens** for anlegg vert fastsett av kommunen ut i frå anlegget sin størrelse og utstyr som skal nyttast. For fettutskiljar ved gbnr 188/323 skal anlegg tømmast ved **behov og minimum 4 gonger** per år. Ved tømning etter minimumskrav skal verksemd dokumentere at tømmefrekvens er forsvarleg. Tømmeoperatør må informere om kor mykje fettlaget utgjør i anlegg ved tømning (0-15% av våt volum i anlegg). Kommunen kan endre tømmefrekvens ved behov.
- **Årsrapport:** Det skal for kvart driftsår sendast inn årsrapport til kommunen. Årsrapport skal innehalde dokumentasjon på utførte tømninger, temperaturlogger og kopi av driftsjournal. Rapporten skal være kommunen i hende sinast 1februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Det skal sendast inn ferdigmelding for anlegg for godkjenning før anlegg vert teke i bruk. Ferdigmelding skal innehalde «as built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytningspunkt til kommunalt avløpsnettledningsnett. Prosjekt teikningar kan leggjast ved, men erstatter ikkje situasjonsplan med innmålingsdata på VA kart.
- **Temperaturlogg:** For anlegg skal det tas minimum 2 temperaturlogger per år. Temperaturlogging skal utførast over 3 døgn (rett før tømning av anlegg) og når anlegg er i full drift (kantine kan ikkje være stengt under logginga). Kommunen kan endre loggefrequens ved behov.
- Fett frå ulike kilder har ulikt smeltepunkt og har derfor ulike eigenskapar. Optimal temperatur i eit anlegg vil ligge rundt 20 °C. Ved temperatur rundt 30°C har anlegg ingen funksjon. Temperatur i anlegg skal difor ikkje overstige 30°C.
- Bruk av vaskemidlar fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegg. Berre vaskemidlar som er godkjent for fettutskiljar skal nyttast. Anleggseigar må gå i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier reduserer anlegget sin reinseeffekt.
- Minimum 1 gong per år skal anlegg tømmast fullstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt avløpsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc).
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/-olje skal ikkje førast til utskiljaranlegg men samlast opp og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll frå kommunen.
- Det skal ligge føre avtale med godkjent tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av denne ved innsending av ferdigmelding for anlegg. I avtale skal det komme fram at anlegg skal tømmast ved behov og minimum 4 gonger per år. Avtale skal også omfatte 2 temperaturlogger. Avtale skal være signert av begge partar.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn med anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal sørge for at anna avfall (slam, stein, matrestar, plasthanskjer med meir) ikkje vert ført til utskiljaranlegg.
- For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournal skal tømmeoperatør, etter kvar tømning, føre inn dato for tømning, mengde fett i anlegg (0-15% av våt volum ), dato for utsetting eller

innhenting av temperaturlogg og alle typer driftsstans. Driftsjournal, tømmerapporter og temperaturlogger skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll.

*Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» og forskrift for fettutskiljar for Lindås kommune at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt nett. Føremål med krava, er å sikre at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut frå avløpsvatn før dette vert ført ut på avløpsnett.*

**Klageadgang:**

Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» følgjer privatrettslege reglar. Kommunen nyttar sin private råderett over vass- og avløpsnett. Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» anses ikkje som utøving av offentleg mynde og har difor ingen foremell klageadgang.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Region Nordhordland Helsehus Iks      Kvassnesvegen 23      5914      ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Haugen Vva AS      Kanalveien 5      5068      BERGEN